



MØTEBOK

Forskrift om gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Utval sak	Utval	Møtedato
65/23	Utval for plan og miljø	05.12.2023

Vedlegg:

- 1 Forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Bakgrunn:

Fitjar kommune må oppdatera gjeldande forskrift om feiing og branntilsyn. Gjeldande forskrift er vedteken i 1992.

Vurdering:

Etter brann- og eksplosjonsvernlova § 28, kan kommunestyret sjølv fastsetja lokal forskrift om gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Feiing og tilsyn etter denne lova er eit sjølvkostområde. Det inneber at kommunen kan krevja gebyr som skal dekkja kommunen sine faktiske kostnader med å gjennomføra feiing og tilsyn.

I forskrift om brannførebygging § 17 er det utdjupa kva kommunen sine oppgåver er i samband med feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Dette er å syta for at røykkanalar i fyringsanlegg som vert nytta til oppvarming i byggverk vert feia ved behov. Kommunen skal og syta for at tilsyn med slike fyringsanlegg vert ført ved behov. Vidare skal kommunen føra tilsyn med fyringsanlegg etter brann eller eksplosjon i eller i tilknytning til anlegget.

Kommunen si forskrift er gamal, og har behov for modernisering. I det nye forskriftsforslaget er det teke med oppdaterte føresegner om hyppigheita for feiing og tilsyn. Feiing og tilsyn gjerast etter behov, basert på ei vurdering av det aktuelle fyringsanlegget.

Det er lagt opp til 100% sjølvkostdekning på området.

I forskrifta er det presisert kva gebyret skal dekkja, og i kva tilfelle det er mogleg med fritak frå gebyr.

Gebyret for feiing og tilsyn for 2024 er uendra samanlikna med 2023, sjå eiga sak om dette.

Framlegg til vedtak:

Forslag til ny lokal forskrift for gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg vert lagt på høyring jf. fvl. § 37.

Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 05.12.2023**Behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Forslag til ny lokal forskrift for gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg vert lagt på høyring jf. fvl. § 37.

John Karsten Raunholm
konst. kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.